

KONTAKTBLAD FOR **HJARTDAL**
Nr.43 Mai 2012

HISTORIELAG

**Bli med på busstur til
Telemark museum - Brekkeparken
*2.juni***



Sjå side 3!

Kontaktbladet er i gang igjen

Det er ei stund sidan siste kontaktblad frå historielaget. Grunnen er, som medlemmene sikkert skjønar, at det har vore annan aktivitet som har tatt mesteparten av tida. Årboka og skog-eigarlagsboka er hovudgrunnane. Elles har vi prioritert ein del åpne møte som vi har arrangert med (u)jamne mellomrom.

Dette nummeret er hovudsakleg for å informere om ein tur til Telemark museum i juni. Dessutan får du referat frå dei to siste årsmøta.

Kontingent 2012

Med dette bladet får du også bankgiro for innbetaling av kontingent for 2012. Prisen er framleis 200 kroner som også gjev medlemmer eit eksemplar av ny

årbok som vi reknar med er ferdig til jul.

Tips gjerne andre om å bli medlem.

Alle spørsmål om medlemskap kan stillast til kasseraren på tlf.97535468 eller epost - svein.bakkalia.online.no

Vi vil også gjerne bygge opp ei epostliste med så mange som mulig av medlemmene. Derfor bed vi alle som bruker epost om å sende epostadressa si til svein.bakkalia.online.no slik at flest mulig blir registrert. Sjølvsaft er dette frivillig, men det kan vere ei grei ordning for beskjedar om arrangement mv.

Ta også kontakt med Svein Bakkalia eller andre i redaksjonen dersom du har stoff eller idear til årboka



Det var nærmast fullt hus på Nordbø pensjonat da vi arrangerte vikingkveld før jul. Her ser vi ein av vikingane - Øystein Rivrud - som presenterte ein del litteratur om emnet i tillegg til å vise klede og utstyr.

Bli med på tur laurdag 2.juni


Mange gamle gjenstandar frå Hjartdal, Sauland og Tuddal ligg i magasina på museet i Skien. Desse blir ikkje til vanleg synt fram, men denne dagen blir mykje henta opp frå magasinet. Vi får sjå ting som tidlegare var i heimane i bygdene her omkring, og vi får høyre historia dei har å fortelje, det kan bli særst interessant.

Vi vil og få omvisning på museets øTelemarkutstillingø Her kan ein m.a. sjå den gamle innreidinga frå Sisjord i Hjartdal.

Etterpå blir det servera lunsj på kafeen i parken.

Før heimreise får vi omvisning i fleire av dei gamle husa i parken. Her kan nemast Årestugu frå Vinje og Lynnevikstugu med rosemåling av Knut H. Hovde frå Tuddal og Tveitenstugu frå Heddal.

Vi vonar det vil bli ein fin tur og håpar mange vil vere med.



TELEMARK MUSEUM

Brekkeparken i Skien

Det blir buss frå Saulandstunet klokka 09.30 og vi reknar med å være tilbake ca. klokka 18.00.

Pris for medlemmer av historielaget er 300 kr - og 400 kr for ikkjemedlemmer.

Påmelding til Torkel Hytta, tlf: 35023150 eller Torgunn Opsal, tlf: 35023310 innan fredag 25.mai.

Vær tidleg ute med å sikre deg ein plass. Det kan fort bli fullt.





Vi må igjen gje oss lov til å anbefale boka om skogen i hjartdalsbygdene. Ho er nå til salgs i bokhandlar og ein kan få tak i henne i resepsjonen på kommunehuset. Boka er utgjeven av skogeigarlaget. Torkel Hytta står for innhaldet. Utforming og produksjonen elles har Leif Skoje stått for. Her er mykje interessant stoff som ein ikkje treng å vere skogeigar for å ha interesse av å lese. Boka er på 244 sider og rikt illustrert. Pris 200 kr (på kommunehuset). 250 i bokhandel.

Møte 2-mai - om byggeskikk, kulturminne, museumsarbeid og lokalhistorisk arkiv

Tilstades på møtet var i tillegg til styret, kultursjef Bjørn Rugaas, leiar for Tuddal bygdetun Håvard Kaasa, Leif Skoje og Ivar T Dahl.

Hensikten med møtet var å få klarlagt kva som kunne gjerast for å hindre at verneverdige bygningar blei rivne og fremme interessa for bygningsarven og lokal byggeskikk. Det blei m.a. drøfta om kommunen kunne koste på ein time med ein arkitekt for dei som skal bygge eller restaurere bygningar.

Det blei også reist spørsmål om registrering av kulturminne og verneverdige bygningar. Eldre bygningar i Hjartdal kommune som blei oppmålt og registrera på 1980-talet, ligg i SEFRAK-registeret. Gjenstandane til det nedlagte Hjartdal museums lag oppbevarast på Sud-Åbø. Men det er uklart kven eig dei no og kor dei bør oppbevarast. Håvard Kaasa seier at det er plass for mindre gjenstandar på Museet i Tuddal.

Både historielaget og kommunen har i dag lokalhistorisk arkivmateriale som treng eit skikkeleg arkivrom. Her er det grunnlag for eit samarbeid, slik at viktig lokalhistorie blir tatt vare på for ettertida. Skaffe oversikt og scanne slikt materiale bør prioriterast.

Møtet var informativt og bra, men reiste nok fleire spørsmål enn svar. Positiv kultursjef lova godt for oppfølginga som må komme i tida framover.

Årsmøte i Hjartdal historielag 23.02.2011

på Bøen Kiosk og Kafe.

1. Åpning

Torkel Hytta ønska velkommen til årsmøtet og var svært fornøgd med det gode oppmøtet. Det var i alt 14 personar som hadde møtt fram og alle tre bygdene var godt representert.

Det kom fram at nokre av medlemmene ikkje hadde fått siste Kontaktbladet og slik ikkje fått innkallinga før annonsa i avisa. Det er og ein fordel at årsmelding og kven som er på val ligg føre på førehand.

Torkel Hytta var møteleiar og Svein Bakkalia referent.

2. Årsmelding

Torkel Hytta las årsmeldinga. Årsmelding for 2010 godkjent. (Årsmeldinga kan lesast i årboka for 2011)

3. Rekneskap

Svein Bakkalia gjekk gjennom rekneskapen.

Økonomien er god med ein saldo pr 31.12.11 på kr 51107,14. Inntektene var 101904,10 og utgiftene kr 118068,54. Rekneskapet er gjort opp med eit underskot på kr 16164,44 som i hovudsak har sin årsak i at utgiftene til Saulandskartet er ført på rekneskapen for 2010 og tilskudd og inntekter på kartsalet er ført over fleire år.

Rekneskapen er revidert og funne i orden pr 19.3.11 av Ingebjørg F Hagen.

Rekneskap for 2010 godkjent.

4. Val

Leif Skoje og Ivar T Dahl har vore valkomite i 2010.

Brit Ingjerd Hjartsjø gjekk ut av styret. Stor takk til Britt Ingjerd for mange år som styremedlem og sekretær.

Ny i styret blei valt Torgunn Opsal.

Styret for 2011 blei da slik: Torkel Hytta (leiar), Torgunn Opsal (sekretær), Svein Bakkalia (kasserar), Torunn Gjerjordet, Øystein Aasen og Geir Brukås (styremdl).

Anne Tone Hytta Larsen og Torkel Gjerde (varamdl)

Leif Skoje og Ivar T Dahl (valkomite)

Ingebjørg Frøland Hagen (revisor).

Valet samrøystes vedtatt.

Etter årsmøtet og god bevertning fekk vi høyre eit godt og interessant kåseri av Dag Krokaa om Hjartdal Ungdomslag og lagsavisa frå 1916.

Kari Haugen Skoland sang og fortalte.

Begge fekk velfortent applaus og skal ha stor takk.

Svein Bakkalia (referent)

Årsmøte i Hjarthdal historielag 29.03.2012

Møtet vart halde på Menighetshuset i Sauland onsdag 28.03.2012. 15 medlemmer møtte.

Torkel Hytta leda møtet. Torgunn Opsal var referent.

Årsmelding (sjå neste side)

Torkel la fram styrets årsmelding. Kommenterar til meldinga:

- Ros til styret for årboka.
- Det finnes også ei stigruppe i Hjarthdal. Kontaktperson er Tore Gunnar Bratsberg.

Deretter vart årsmeldinga godkjent.

Rekneskap

Svein Bakkalia gjennomgjekk rekneskapet som deretter vart godkjent.

Val

Ivar Dahl la fram komiteens forslag.

Geir Brukås går ut som styremedlem. Nytt styremedlem blir Borghild Hovde Brennekåsa.

Valkomiteen har ikkje finni fram til ny leiar for laget. Det nye styret finn fram til måtar å løyse leiing av laget på. Torkel Hytta kallar inn til fyrste styremøte.

Styret i Hjarthdal historielag blir: Torkel Hytta, Torunn Gjerjordet, Svein Bakkalia, Øystein Åsen, Torgunn Opsal, Borghild Hovde Brennekåsa. Vara: Torkel Gjerde og Anne Tone Hytta Larsen.



Revisor: Ingebjørg Frøland Hagen
Valkomite: Ivar Dahl og Leif Skoje
Einstemmig vedtatt.

Tur til Telemark fylkesmuseum i Skien

Torgunn Opsal orientera om historielagets tur 2.juni.

Kåseri ved Hallgrim Høydal

Laget fekk eit svært interessant foredrag om byggeskikk og byggeskikksutvikling i bygdene i Aust-Telemark.

Servering av kaffi og kaker.

Hjartdal 28.03.2012 Torgunn Opsal (referent)

ÅRSMELDING 2011

Styret i 2011 har vore: Torkel Hytøa (form.), Svein Bakkalia (kasserar), Torgunn Opsal (sekr.), Torun Gjerjordet, Øystein Aasen og Geir Brukås. Vararepresentantar: Anne Tone Hytøa Larsen og Torkel Gjerde.

Det har vore halde seks styremøter, og me har også hað seks "Åpent hus"-kveldar på Biblioteket.

Førjuls møte på Nordbø Pensjonat 7/12 var svært vellykka, kåseriet til Øystein Rivrud om heilag-Olav sin tilknyting til Gvarv samla mange tilhørarar.

I 2011 blei fyrste årboka for historielaget gjeve ut. Den blei godt mottaken, mykje takka stor innsats frå årbokkomiteen med Svein som formann. Komiteen er alt godt i gang med ny utgåve for 2012.

I 2011 fekk også historielaget ansvar for utgjeving av Hjartdalskalenderen. Den har utdeltare vore gjeven ut av Hjartdal mållag, men det var eit ynskje frå begge laga at historielaget tok over. Kalenderkomiteen er likevel mykje den same,

men nå med Torkel som representant for styret i historielaget.

Historielaget blei hausten 2009 beden om å skrive bok til 100-årsjubileet for Hjartdal Skogeierlag. Boka, som heiter "Skog og skogbruk i hjartdalsbygdene" blei ferdig og gjeven ut til jubileet i januar i år, skrivnen av Torkel Hytøa og Leif Skoje. Boka har blitt godt mottaken og fått positiv omtale i skogbruksmiljøet både innan kommunen og på fylkesbasis.

Historielaget var også i 2011 med på Saulandsdagen i september, og som i dei forrige åra med ein egen stand.


Den uformelle samlingsgruppa i Sauland har ikkje hað nye rydningsprosjekt i 2011, men har hað ein del arbeid med vedlikehald. Også Prestevegen, som kommunen utdeltare har rydda og merka, har me nå tað over ansvaret for. Her har me bygd ny bru over Gåsebekken, og også elles gjort mindre vedlikehald, slik at veggen nå er godt merka og lett å følgje. Det var planlagt fellestur her i september i samarbeid med Notodden Turlag,

Kyrkjejubileum igjen

Det er bare tre år sidan vi feira 150-årsjubileet til Sauland kyrkje. I år er det Hjartdalskyrkja sin tur, ho er 200 år. Vi må først og fremst vise til kyrkjelydsbladet *Arven* for dei som er interessert i historia og anna som gjeld Hjartdal kyrkje. Dette bladet som kom til alle husstandar i april, kan anbefalast på det varmaste. Dessutan kan nok neste årbok ha stoff om denne særmerkte kyrkja.



Foto: Frøydis Hagene Skoje



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND
Tlf.: 35023150 to-hy@online.no

Kasserar: Svein Bakkalia, 3692 SAULAND
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje, 3692 SAULAND
Tlf.: 48237883 skoje@online.no
<http://www.hjartdalhistorielag.no>

*Bladet blir sendt alle medlemmer
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*